



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2018

ÅRGANG 33

Ver med på teater
torsdag 12. april og
sjå Toralv Maurstad i

*Tordis + Alfred
= Toralf*



FOTO: Det Norske Teatret ©



FOTO: Alv Reidar Dale ©

Bli med på *Rørosleken* 4.–6 mai!

Leiaren – tidleg påske gjev i år ein sein vår...

Gode medlemmar!

Vi har nettopp hatt årsmøte i laget, og dei aller fleste av oss tillitsvalde held fram i verva våre i 2018. 19. mars deltok nokre av oss også på årsmøtet i Bygdelags-samskipnaden, der laget vårt dei siste åra har vore godt representert blant dei tillitsvalde.



FOTO: Agnar Hegrenes

I desse snøtunge tider vil eg takke dei som har vore på hyttene og moka snø av taka: Dagfinn på Nordfjordhytta, Andor og Agnar H. på Pustut. Det er viktig at det vart gjort (sjå biletet). All snøen der betyr også at vi kanskje må utsetje dei årlege vårdugnadane. Vi kjem attende til hyttedugnadane når vi veit meir om vårløysinga.

I mellomtida er det høve til ein teatertur den 12. april. Og eit etter kvart sikkert vårteikn er den årlege turen til Rørosleken i byrjinga av mai. Og det vert osteselskap på Nordfjordhytta.

Vel møtt på hyttene og på laget sine andre samkomer!

Agnar Kvellestad (leiari)

Tordis + Alfred = *Toralf*

Torsdag (sjølv sagt) **12. april kl. 19.00** har laget sikra seg nokre få billettar på teaterstykket “Tordis + Alfred = Toralf” på Det Norske Teatret. Det er ein einaktar med **Toralv Maurstad**, halvt nordfjording og no over 90, i hovudrolla.

Vil du ha billettar (335 kr, 20 % avslag), må du kontakta Hilmar Nummedal på hilmarnum@outlook.com

Les om stykket på nettadressa
[http://www.detnorsketeatret.no/
framsyningar/tordis-alfred-toralf/](http://www.detnorsketeatret.no/framsyningar/tordis-alfred-toralf/)



Bli med på tur til Rørosleken i mai!

Han Svein (Aasen) inviterer danselglade med på tur til Rørosleken fyrste helga i mai i år også, 4.–6. mai. Han har som før fått Hogne Tellnes til å køre bussen og bli med på dansen!

Røros-leken er eit viktig arr. og samlar 200-250 dansarar fra heile Sør-Norge.

Fredag 4. mai:

Kl. 10.00: Avreise frå Oslo, frå bussparkeringsplassen i Skippergata bak Havnelageret.

Lunsjpause underveis, eigen betaling.
Erzscheidergården tilbyr middag når vi kjem fram. 2-rettars meny for kr. 350,-.
Kl. 20-24: "Bli kjent kveld" i Gymbygget.
Musikk: Småviltlaget

Laurdag 5. mai:

Kl. 12-15: "Middagsdans" i Sangerhuset.

Musikk: Glåmos spellmannslag

Kl. 19-02: Leikfest i Gymbygget.

Musikk: Gränslaget

Middag, kaffi og kaker inngår i billetten.

Søndag 6. mai:

Kl. 11-14: "Etterpålag" i Sangerhuset. Musikk: Mange gode og kjende spellemenn.
Retur Oslo med matpause underveis, eigen betaling. Tilbake i Oslo ca. kl. 21–22.

OVERNATTING

Vi har reservert rom til 39 stk. på Erzscheidergården (samme sted som før).
<http://www.erzscheidergaarden.no/>

Sengene er fordelt på 2 familierom for 4 personar, 3 stk. 3-sengsrom, 12 dobbeltrom og eitt enkeltrom. Vi har også fått reservert nokre rom på Regnbuegården. Betaling for overnatting gjer kvar enkelt der dei bur.



FOTO fra nettet

TRANSPORT

Vi leiger buss frå JVB tur AS. Hogne Tellnes er sjåfør, det garanterer triveleg tur.

PRIS

- Buss, Oslo – Røros tur/retur kr. 750,-.
 - Gjennomgangsbillett til alle arr.. Denne inkluderer også leikfesten: kr. 800,-.
- Det er framleis ledige plassar både på bussen og på Erzscheidergården der dei fleste skal bu, og på Regnbuegården.
- Kontakt Svein for nærmare informasjon.

PÅMELDING til Svein Aasen,

mobil 482 99 981 eller e-post:

svein.aasen@multiconsult.no

eller sveinaasen47@gmail.com

så raskt som råd innan 28. mars 2018.

NÆRMARE OPPLYSNINGAR om pris og påmelding finn du på side 7.

Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

15. februar 2018 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo

8 medlemmer møtte.

Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent og protokollvitne
Anny Sollid ynskte vel møtt. Innkallinga vart samrøystes godkjend.

Konstituering:

Ordstyrar: Marit Haug Loen

Referent: Jofrid Holter

Protokollvitne: Asmund Hage og Andor Gjelsvik

Teljekorps: Agnar Hegrenes

Vedtak: Alle vart valde ved akklamasjon.

Sak 2: Godkjenning av saklista

Vedtak: Saklista vart godkjend utan merknader.

Sak 3: Årsmelding for 2017

Ordstyrar gjekk gjennom årsmeldinga.

Medlemmer: Medlemstalet har gått ned frå 74 til 73 medlemmer.

Klubbfesten var vellukka, med kåseri av Jon Tvinnereim og musikk av Austrheim Musikklag.

Presse- og PR-nemnda: Heimesida til laget må oppdaterast. BLS vil komme med eit nytt opplegg for heimesider i løpet av året.

Årsmeldinga for Sogn og Fjordaneringen 2017 vart teken til vitande.

Vedtak: Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend.

Sak 4: Rekneskap for 2017

Hilmar Nummedal orienterte om rekneskapen.

Revisjonsrapport var lagd ved årsmeldinga.

Merknader som gjeld balansen: 1230 Leigerettar og 1250 Lutar - Harpefossen bør slettast i rekneskapen for 2018 fordi dei i dag er verdilause.

Vedtak: Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend. Styret er utan ansvar. Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

Sak 5: Medlemspengar 2019

Styret hadde gjort framlegg om uendra medlemspengar for 2019:

kr. 400,- for vaksne (over 26 år), kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born under 14 år.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sak 6: Tankar om Klubbefesten – og framtida til laget

Nokre av dei som har utført eit stort arbeid med å arrangere den årlege Klubbefesten, har meldt frå at dei meiner at Klubbefesten bør leggjast ned. Etter ein del diskusjon tilrådde årsmøtet at festen vert lagt ned og at styret må planleggje ein alternativ årsfest.

Sak 7: Arbeidsprogram og budsjett for 2018

Det kom nokre innspel til arbeidsprogrammet:

- Vi kan vurdere å arrangere turar, gjerne tematurar. Folk er interesserte i historie, kultur og liknande.
- Vi kan arbeide for å auke bruken av og aktivitetene på hyttene.
- Nordfjordhytta. Det kan vere aktuelt med eit samarbeid med Bærum kommune eller Bærum Turlag om bruken av hytta. Asmund Hage påtok seg å undersøkje dette.
- Punktet om Klubbefesten og Kulturnatt 2018 går ut.

Vedtak: Styret sitt framlegg til arbeidsprogram og budsjett for 2018 vart samrøystes vedteke med dei endringane som er nemnde ovafor.

Sak 8: Arkivering av lagsarkiv og faner

Vedtak: Styret får fullmakt til å avgjere korleis faner og arkiv skal takast vare på.

Sak 9: Val

Valnemnda hadde utarbeidd framlegg på tillitsvalde for 2018.

I valnemnda var Agnar Hegrenes og Asmund Hage.

Desse vart valde ved akklamasjon:

Styret

Leiar: Agnar Kvellestad (attval, 1 år)

Styremedlem: Anny Sollid (ikkje på val)

Styremedlem: Hilmar Nummedal (attval, 2 år)

Styremedlem: Jofrid Holter (attval, 2 år)

Styremedlem: Alv Reidar Dale (ikkje på val)

1. varamedlem: Agnar Hegrenes (attval, 1 år)

Styret må arbeide for å finne ein varaperson til.

Hyttestyret

Agnar Hegrenes (ikkje på val)

Dagfinn Aa (ikkje på val)

Andor Gjelsvik (attval, 2 år)

Oddvar Bjordal (attval, 2 år)

Jostein Bareksten (attval, 2 år)

PR- og pressenemnda

Alv Reidar Dale (attval, 2 år)

Ragnvald Halset (ikkje på val)

Elin Lovise Folven Gjengedal (ikkje på val)

Revisorar

Arne Kvamme (attval, 1 år) og Ola Raftevold (attval, 1 år)

Valnemnd

Asmund Hage. Styret supplerer med ein person.

Representasjon

Utsendingar til årsmøtet i BLS: Agnar Kvellestad, Alv Reidar Dale og Anny Sollid

Varafolk: Agnar Hegrenes og Jofrid Holter

Utsending til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid

Utsending til landsmøtet i NU: Ingen oppnemnd

Godkjenning av styret i Sogn og Fjordaneringen:

Desse vart valde på årsmøtet i ringen 30. januar 2018:

Leiar:

Kasserar : Axel Bugge (attval, 1 år)

Styremedlem: Hjørdis Riber (ny, 2 år)

Styremedlem: Torgunn Kvamme (ikkje på val)

Styremedlem: Helge Veum (ny, 2 år)

Varamedlem: Marit Haug Loen (attval, 1 år)

Varamedlem: Olav Kvam (attval, 1 år)

Jofrid Holter

Referent

Asmund Hage

Protokollvitne

Andor Gjelsvik

Protokollvitne

RØROS-LEKEN 4. – 6. MAI 2018

Busstur med JV&B Tur AS og Høgne Tellnes som sjåfør.

Bussen går fra bussparkeringsplassen i Skippergata bak Havnelageret. Plassen er merka med et stort rødt kryss på vedlagte bilde. Plassen ligg på østsida av Skippergata i kvartalet nedenfor Rådhusgata.

Fredag 4. mai 2018 klokken 10.00.

Vi kjører via Østerdalen til Røros, og skal bo på Erzscheidergården, (www.erzscheidergaarden.no) med unntak av de som ev. skal bo hos Bjørg Sigrunn eller andre steder.

Erzscheidergården ønsker å tilby oss velkomstmiddag dersom vi er interessert i det. 2-retters meny kr. 350,- per person. Det vil bli satt opp en buffet hvor vi selv forsyner oss. Tidligere har vi fått elghakk, men de kan også tilby annen god mat. For å kunne tilby middag er de avhengig av at minst 25 ønsker det. Jeg regner med at de som skal bo på Erzscheidergården ønsker middag. Si fra til meg de som ønsker middag. De som skal bo andre steder kan også få kjøpt middag, men da må de gi beskjed til meg. Jeg sender felles bestilling på middag til Erzscheidergården.

Gjennomgangsbillett blir betalt og utdelt til alle som er med i bussen og de som skal bo på Erzscheidergården, men som kjører egen bil. Kerstin betaler direkte til Folkedanslaget.

Program for Rørsos-leken er vedlagt. Du kan også gå inn på www.rorosfolkedans.no og ta ut programmet.

Innbetalning for bussturen og gjennomgangsbillett til:

Svein Aasen, Haugerudhagan 58 B, 0673 OSLO

Konto nr. 1206.02.99402

Busstransport tur/retur Røros og gjennomgangsbillett **kr. 1.550,-**

(Dette inkluderer bussturen tur/retur Røros kr. 750 + gjennomgangsbillett kr. 800). De som bare skal ha gjennomgangsbillett betaler kr. 800,-

Kerstin kan betale for bussturen ved frammøte.

Betal gjerne så snart det passer og **innen 20. april 2018**.

Mat underveis kjøpes av hver enkelt. Betaling for overnatting gjøres av hver enkelt før avreise der du bor.

Jeg gleder meg – det gjør sikker dere også!

Dansehilsen fra

Svein

Er det noe du lurer på – ta kontakt med Svein, tlf. 482 99 981 eller på e-post.



STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.udio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Nestleiar: Finn Stafsnes 90 82 12 27
Fi-stafs krøllalfa online.no

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
